


# Handlingsplan 2024

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)



## Innhald

Innhald .....	2
1.0 Innleiing .....	3
2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag .....	4
2.1 Målgruppe.....	4
2.2 Satsingsområde .....	4
2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget .....	5
2.3 Finansiering .....	5
3.0 Organisering og samarbeid .....	6
3.1 Tilsette .....	6
3.2 Samarbeid og lokal forankring.....	7
4.0 Satsingsområde for 2024 .....	8
5.0 Oversikt over planlagde aktivitetar 2024.....	11

## 1.0 Innleiing

Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og eit av tiltaka i Kompetanseløft 2025. Helsedirektoratet delfinansierer sentera og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane), og skal vere ein pådrivar for kvalitet i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet skal tilpasse seg lokale behov og variasjonar, bygge på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forskning og nasjonale føringar.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg vekt på å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar og tar utgangspunkt i kommunane sine behov, gjer lokale tilpassingar og følg opp førespurnader og aktuelle problemstillingar. Handlingsplan 2024 gir ei oversikt over prioriterte satsingsområde og planlagde aktivitetar dette året.

Kompetansen i USHT, forankring i vertskommunen, og eit godt samarbeid med kommunane, utdannings- og forskingsinstitusjonar, er viktige føresetnad for å lukkast i rolla som pådrivar for fag- og tenesteutvikling i kommunehelsetenesta.

### **Nasjonale innsatsområde for 2024**

I tråd med føringane frå Helsedirektoratet, tar USHT Vestland (Sogn og Fjordane) utgangspunkt i kommunane sine behov og vidarefører pågåande arbeid frå 2023. Dei nasjonale innsatsområda for 2024 er:

- Bu trygt heime-reforma, med fokus på:
  - Lindrande behandling og omsorg
  - Pårørandestrategien
  - Ernæringsstrategien
  - Tryggleiksstandard
  
- Demensplan 2025
  
- Kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming

Pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og velferdsteknologi vil bli sett i samanheng med satsingsområda.

Vår visjon - **Utvikling gjennom kunnskap**

## 2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiring av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringar. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) skal vere ein ressurs for kommunane i Sogn og Fjordane-regionen og bidra til fag-, teneste- og kompetanseutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid på tvers og legge til rette for deltaking.

### 2.1 Målgruppe

Målgruppa til USHT er leiarar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, med særleg fokus på sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentera har eit bredt fagleg perspektiv og inkludere tenester til personar både med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigheit og utviklingshemming.

### 2.2 Satsingsområde

Utviklingssentera skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområde:

#### **Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande**

Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane aktivt må innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbetningsarbeid på både teneste- og systemnivå.

#### **Fagleg omstilling i tenestene**

Utvikle tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

#### **Den nye heimebaserte tenesta**

Brukarar med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov krev utvikling av heimebaserte tenester, med fokus på å komme tidleg inn og understøtte og forsterke tryggleik, sikkerheit, sjølvstende og livskvalitet hos pasientar, brukarar og pårørande. Det krev at meir omfattande og meir avanserte tenester blir gitt i heimen.

## **Fornyng og innovasjon**

Kvalitet i tenestene vil i framtida krevje at kommunane tar i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid skjer i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

## **2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget**

For å løyse samfunnsoppdraget skal USHT:

- Tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetningsarbeid
- Legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane i sitt nedslagsfelt, gjennom nettverk og ulike møtepunkt for leiarar og tilsette
- Bidra til spreiiing av ny kunnskap og utvikling av kunnskapsbasert praksis
- Bidra til innovasjon og nye løysingar/nyskaping, og implementering av desse
- Medverke og legge til rette for forskning som er praksisnær og relevant for kommunale helse- og omsorgstenester

## **2.3 Finansiering**

Utviklingssentra blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, og i 2024 kan kvart USHT søke om kr 2 665 000. Vertskommunen har krav om medfinansiering, og Sunnfjord kommune dekker eitt (1) årsverk og delfinansierer kostnader til reise, konferansar, administrasjon/lokale m.m.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har noko ekstern finansiering gjennom forskingssamarbeid, og ulike tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå m.a. Helsedirektoratet og Bufdir.

### 3.0 Organisering og samarbeid

Alle utviklingscenter har ein vertskommune, som i tillegg til å bidra med finansiering, er ansvarleg for utviklingscentera si måloppnåing. Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane), og i kommunen er utviklingscenteret lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling. Kommunalsjef for omsorg har det overordna leiaransvaret.

#### 3.1 Tilsette

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>	<b>Fagbakgrunn</b>	<b>Kontaktinformasjon</b>
<b>Marta Strandos</b>	Leiar USHT	Sjukepleiar. Master i organisasjon og leiing.	<a href="mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no">marta.strandos@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 41 52 64 16
<b>Berit Ullebust</b>	Utviklings- og kreftkoordinator	Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis.	<a href="mailto:Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no">Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 94 82 42 54
<b>Liselotte Norman</b>	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar.	<a href="mailto:Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no">Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 57 61 26 80
<b>Toril Marie Terum</b>	Utviklingskoordinator	Sjukepleiar. Phd.	<a href="mailto:Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no">Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 99 61 05 34
<b>Anne Marte Sølsnes</b>	Utviklingskoordinator	Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag.	<a href="mailto:anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no">anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 97 12 14 21

### 3.2 Samarbeid og lokal forankring

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er godt forankra i vertskommunen og får god støtte og nyttige innspel frå ulike leiarnivå/tenester. Medverknad og dialog med kommunane i Sogn og Fjordane er heilt sentralt for å få innsikt i behova i tenestene og kunne tilpasse USHT sin aktivitet etter det. Vi sikrar det gjennom ulike møtepunkt med kommunalsjefsnettverk /Helse- og omsorgsutval (KS). I tillegg er interkommunal samhandlingskoordinator, Helse Førde og Brukarutvalet i Sogn og Fjordane sentrale samarbeidspartar i arbeidet med kvalitet i tenestene, i lys av samhandling og på tvers av tenestenivåa.

Statsforvaltaren i Vestland og KS Vest er viktige samarbeidspartar i regionen, der vi har jamlege møter for å samordne og samarbeide om aktivitetar. Vi har eit tett samarbeid med Senter for omsorgsforskning (SOF) vest ved Høgskulen på Vestlandet. SOF sitt mandat er å samle, produsere og formidle kunnskap om omsorg og omsorgsarbeid, og skal bidra til at USHT oppfyller samfunnsoppdraget sitt. Ei viktig oppgåve for dei er å yte forskingsfagleg bistand til utviklingssentra sin FoU-aktivitet. I tillegg er eit godt samarbeid med Helsedirektoratet og nettverket av utviklingscenter, ulike kompetansemiljø, forskings- og utdanningsinstitusjonar, viktig for at USHT skal kunne vere ein pådrivar for kvalitet, fag og tenesteutvikling i for kommunane i vårt nedslagsfelt.

## 4.0 Satsingsområde for 2024

Helsedirektoratet har peika ut tre satsingsområde for 2024 som dei ber utviklingssentera prioritere. Handlingsrommet ligg i den lokale tilpassinga og behova til kommunane i regionen. Etter ein kort omtale av kvart hovudområde, kjem ei oversikt (tabell) som viser planlagde aktivitetar i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) for 2024.

### **Bu trygt heime**

I arbeidet med kvalitetsreforma Leve heile livet (2019-2023) var utviklingssentera ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. Meld. St. 24 (2022–2023) Fellesskap og meistring – Bu trygt heime bygger vidare på Leve hele livet og andre nasjonale satsingar. Målet er å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, styrkt førebygging og meir målretta tenester. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil vidareføre samarbeidet med Statsforvaltaren og KS, med fokus. Våren 2024 deltek vi i felles planlegging for vidare arbeid med særleg vekt på å samordne aktivitetar og gå saman om tilbod/støtte til kommunane der det er hensiktsmessig.

I tråd med innsatsområda vil USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ha eit særskilt fokus på lindrande behandling, pårørandestrategien, ernæringsstrategien og tryggleiksstandarden. Vi vil bidra til å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid.

Betre bruk av personell og ressursar inngår som ein del av Bu trygt heime-reforma. Bemanningsutfordringane i helse- og omsorgstenestene har stor merksemd i kommunane, og mange tar kontakt for å drøfte problemstillingar rundt rekruttering, kompetanse, ansvar- og oppgåvedeling. Dette er derfor eit prioritert satsingsområde for USHT (Vestland) i 2024. Fleire kommunar i vår region er tatt opp i pilotar/læringsnettverk i Tørn (KS). Som eit ledd i dette arbeidet vil vi bygge vidare på samarbeidet med TØRN-prosjektet, og bidra med støtte og rettleiing overfor kommunane i vår region.

### **Demensplan 2025**

I *Demensplan 2025* presenterer regjeringa sin femårsplan (2021–2025) for å fremje kvalitet i tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande. USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i demensplanen og *Nasjonal fagleg retningslinje om demens*. Prioriterte område for USHT i 2024 inkluderer personsentrert omsorg, kontinuitet og kvalitet i tenestetilbodet til personar ramma av demenssjukdom og deira pårørande, og kompetanse.

I 2022/2023 deltok elleve kommunar i Sogn og Fjordane-regionen på læringsnettverket *Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande*, og har på ulikt vis bidratt til kvalitet og kontinuitet i tenestene til heimebuande personar med demens og deira pårørande, i tråd med



Nasjonal fagleg retningslinje om demens. I 2024 vil vi halde tak i arbeidet kommunane er i gang med, med mål om å bidra til at personar med mistanke om demens får tilbod om utgreiing, og at personar ramma av demenssjukdom og deira pårørande blir kontakta av ein fast kontaktperson og får tilbod om rett tiltak til rett tid – på rett nivå. Å følgje opp det arbeide kommunane er i gang med, legge til rette for erfaringsdeling på tvers og å styrke demenskoordinator, demens- og hukommelsesteama i kommunane, ser vi som særleg viktig.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr i tillegg kompetanseheving via Demensomsorgas ABC, og opplæring i metodane VIPS og TID. Vi bidrar òg til spreieing av kunnskap om demens i ulike utval, lag og organisasjonar.

### **Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming**

I 2021 kom det ein nasjonal rettleiar *Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming*. Til saman femten kommunar i Sogn og Fjordane-regionen deltar i eit fagnettverk for fagpersonar med eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming, i regi av USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland). Målet er å gjere rettleiaren kjent og omsette rettleiaren frå ord til handling, samt å vere ei støtte for kommunane i arbeidet med å kartlegge kvaliteten på tenestene, etter standarden i rettleiaren, og å bidra til erfaringsdeling og relasjonsbygging på tvers av kommunane. Fagnettverket går over ein periode på to år, og er planlagt vidareført. Det er òg plan om å invitere inn nye kommunar. Våren 2024 søker USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) om nye midlar frå Bufdir og Helsedirektoratet.

I tillegg samarbeider dei fire utviklingssentra i vest med Senter for omsorgsforskning vest (SOFV) om eit felles FOU-prosjekt. Målet er å styrke kompetansen om beslutningsstøtte blant tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming, og å tilpasse og vidareutvikle eit rammeverk som tenestene kan ta i bruk. Totalt 26 deltakarar frå fem kommunar frå Vestland deltok hausten 2023 på to temasamlingar over fire dagar. Vi søker midlar frå Helsedirektoratet om å vidareføre FOU-prosjektet. Fokus i 2024 vil vere på analyse- og skrivearbeid, samt å arbeide vidare med å få publisere ein versjon av rammeverket tilpassa norske forhold. Prosjektet vil òg ha fokus på å støtte ressurspersonar i å spreie bruken av rammeverket i eigen verksemd.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil i 2024 i tillegg prioritere kompetanseheving via Mitt livs ABC.

### **Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring**

Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring er overbyggande tema som vi ser i samanheng med øvrige satsingsområde for 2024.

USHT tilbyr kommunane støtte og rettleiing i systematisk kvalitetsarbeid, i tråd med «Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring» og «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren». Som eit ledd i dette arbeidet starta vi i 2023 eit Nettverk for leiing og

kvalitetsarbeid i sjukeheim. Deltakarane blir gjennom nettverket kjent med «Trygghetsstandard i sykehjem», som er eit digitalt leiarverktøy som skal støtte sjukeheimsleiarar med kontinuerleg kvalitetsarbeid.

Å sikre bærekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar. Utviklingssenteret arbeider aktivt for å synleggjere velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet innanfor satsingsområde. Vi held fram med å tilby Velferdsteknologiens ABC og samarbeide med regionale aktørar som Digi Vestland og KS sine regionale nettverkskoordinatorar for velferdsteknologi og digital heimeoppfølging.

Helsedirektoratet oppfordrar elles utviklingssentera til å ta på seg rolla som leverandør for ABC-opplæringa. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr alle permanente i ABC-opplæringa. Dei planlagde aktivitetane for 2024 blir presentert i tabellen nedanfor.

## 5.0 Oversikt over planlagde aktivitetar 2024

Aktivitet		Involverte
<p><b>Bu trygt heime</b></p>	<p>Bu trygt heime-reforma skal bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, styrkt førebygging og meir målretta tenester. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil i 2024 ha eit særskilt fokus på satsingsområda i reforma i møte med kommunane, synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid.</p> <p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil vidareføre samarbeidet med Statsforvaltaren og KS.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på møte med Statsforvaltaren og KS</li> <li>- Gjennomføre kommunebesøk med fokus på kommunane sine behov for prosessretteiing på fagområde som ligg inn under USHT</li> <li>- Tilby rettleiing ut frå kommunane sine behov</li> <li>- Ha eit særskilt fokus på områda lindrande behandling og omsorg, ernærings- og pårørandestrategiane og tryggleiksstandaren i eksisterande aktivitetar, og i møte med kommunane</li> <li>- Spreie informasjon om tilskotsordningar, rettleie i søknadsprosessen og vere i dialog rundt mogeleg samarbeid med kommunane</li> <li>- Dialog/erfaringsdeling mellom utviklingssentera nasjonalt og Helsedirektoratet</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg/samarbeidspart</b>, saman med Statsforvaltaren i Vestland og KS.</p>

Aktivitet		Involverte
<p><b>Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar – tillit, kompetanse, omstilling og organisering</b></p>	<p>Bu trygt heime-reforma omtalar helsepersonell som den viktigaste ressursen for å gje trygge og gode helse- og omsorgstenester. Samstundes er dette ein avgrensa ressurs, og kommunane må sjå på nye måtar å nytte kompetanse/organisere tenestene.</p> <p>Bemanningsutfordringane i helse- og omsorgstenestene har stor merksemd i kommunane, og mange tar kontakt for å drøfte problemstillingar rundt rekruttering, kompetanse, ansvar- og oppgåvedeling. USHT innhentar erfaringar og kunnskap på området, og har mellom anna dialog med KS om TØRN-prosjektet.</p> <p>13 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane-regionen er deltakarar i Tørn.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på samlingar i TØRN sitt regionale læringsnettverk i vest</li> <li>- Følgje opp, støtte og rettleie kommunane i vår region</li> <li>- Synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom utviklingsarbeid</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med TØRN / KS Vest</b></p>
<p><b>Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator</b></p>	<p>Utviklingscenteret vil i 2024 vidareføre det tette samarbeidet mellom USHT og interkommunal samhandlingskoordinator i lokalt utviklingsarbeid, med særleg fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar Dra parallellar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområde</li> <li>- Samhandlingskoordinator fungerer som bindeledd mellom USHT og Sogn og Fjordane Helsefellesskap</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) samarbeidspart, saman med KS vest, Sunnfjord kommune</b></p>

Aktivitet		Involverte
<p><b>Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim</b></p>	<p>I 2023 starta USHT Vestland (Sogn og Fjordane) opp <i>Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid</i> for sjukeheimsleiarar og aktuelle ressurspersonar. Målet med nettverket er å støtte sjukeheimsleiarar i organisering og arbeid med kontinuerleg kvalitetsarbeid.</p> <p>Vi nyttar «Trygghetsstandard i sykehjem» aktivt i arbeid med fagnettverket, og inviterer til to nettverkssamlingar per år (vår og haust). På samlingane legg vi til rette for erfarings- og kompetansedeling, refleksjon og forbetningsarbeid, med utgangspunkt i kommunane sine behov.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Drøfte vidare plan for nettverket på møte med kommunalsjefar omsorg Sogn og Fjordane våren 24</li> <li>- Tre regionsvise nettverkssamlingar (i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn), vår og haust</li> </ul> <p>Planlagde tema: Etikk og leiing</p>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg</b></p>
<p><b>Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg</b></p>	<p>Vi vidarefører fagnettverk innan eldremedisin / eldreomsorg, og inviterer til to fagdagar (vår og haust). Observasjonskompetanse er valt vidareført som overordna tema i 2024.</p> <p>Våren 2024 vil vi saman med driftsgruppa (etablert hausten 2023) og Brukarutvalet i Sogn og Fjordane utarbeide ein årsplan for perioden 2025-2026.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere fagdag i april 2024 (fysisk)</li> <li>- Arrangere møte i driftsgruppa våren 2024</li> <li>- Delta på møte i programkomiteen for fagdag i geriatri ved FSS/ Helse Førde</li> <li>- Digital samling hausten 2024</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med Helse Førde/SESAM.</b></p>

Aktivitet		Involverte
<b>Klinisk observasjonskompetanse</b>	<p>Tilby kompetanseheving i klinisk observasjonskompetanse etter modellen KlinObsKommune. Rettleie lokale ressurspersonar etter opplegget «train the trainer», og bistå kommunar med vedlikehald av tileigna kompetanse.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere gruppesamlingar for ressurspersonar vår og haust med økt fokus på instruktørrolla</li> <li>- Invitere til digital samling for ressurspersonar/leiarar for å bistå med vedlikehald og erfaringsdeling.</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg,</b> saman med ambulansetenesta i Helse Førde.
<b>Etisk refleksjon</b>	<p>Etisk refleksjon bidrar til god kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Vi ynskjer med bakgrunn i det å tilby kommunane i Sogn og Fjordane-regionen opplæring som etikkrettleiarar.</p> <p>Planlagde aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forankring av etikkarbeidet på kommunalsjefsmøte (april 2024)</li> <li>- Arrangere inspirasjonsdag i Etikk for leiarar, fysisk samling våren 2024</li> <li>- Arrangere kursrekke for etikkrettleiarar, til saman tre fysiske samlingar hausten 2024</li> <li>- Etablere nettverk for etikkrettleiarar</li> </ul> <p>Planane vil vi drøfte med kommunalsjefane april 2024, og kan derfor bli endra.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg,</b> saman med Sunnfjord kommune.

Aktivitet		Involverte
<p><b>Digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar i lindrande behandling og omsorg ved livets slutt</b></p>	<p>USHT bidrar til spreiring av digital opplæringspakken «Lindrende behandling og omsorg ved livet slutt» for helsefagarbeidarar og anna helsepersonell utan formell kompetanse i kommunehelsetenesta. Opplæringspakka er utvikla av Høgskolen i Innlandet på oppdrag frå Helsedirektoratet, i tett samarbeid med USHT i Buskerud og Hedmark.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeid med Nettverk for ressursjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg, Helse Førde føretaksområde</li> <li>- Spreiing av opplæringspakken i Sogn og Fjordane-regionen</li> <li>- Tilby rettleiing til mentorar etter behov</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg</b></p>
<p><b>Kvalitet og kontinuitet i tenestene til personar med demens og deira pårørnde</b></p>	<p>Elleve kommunar i Sogn og Fjordane-regionen deltok på læringsnettverket (2022-2023), i regi av USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Målet er å bidra til at kommunane etablerer rutinar som bidrar til systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørnde, i tråd med Nasjonal fagleg retningslinje om demens. Læringsnettverket vart avslutta hausten 2023. Vi ynskjer å halde tak i dette arbeidet og framleis vere ei støtte for kommunane, med særleg fokus på å styrke demens- og hukommelsesteama i kommunen, samt å legge til rette for erfaringsdeling på tvers.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere samling for deltakande kommunar våren 2024</li> <li>- Tilby prosessrettleiing, individuelt og i gruppe</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg</b></p>

Aktivitet		Involverte
<b>Implementering av personsentrert omsorg</b>	<p>Tenestetilbodet til personar med demens skal bygge på prinsippa om personsentrert omsorg. USHT tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane-region opplæring i metodane VIPS praksismodell og TID, og er ei støtte for ressurspersonar og leiarar i implementerings- og vedlikehalds arbeid.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilby kommunar i Sogn og Fjordane kurs i VIPS praksismodell</li> <li>- Tilby kommunar i Sogn og Fjordane kurs i TID-modellen</li> <li>- Invitere ressurspersonar og leiarar til erfaringsdeling</li> </ul> <p>I tillegg vil USHT aktivt spreie kunnskap om demens og personsentrert omsorg til tilsette i helse- og omsorgstenestene i vårt nedslagsfelt - gjennom ABC-fagseminar og på førespurnad.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg.</b>
<b>ABC opplæring</b>	<p>Som leverandør for ABC-opplæringa vil USHT følge opp underleverandøravtalar med Nasjonalt senter for aldring og helse, samt bidra til å auka ABC-aktivitet i Sogn og Fjordane-regionen. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi i 2024 invitere til digitale informasjonsmøte for leiarar i helse- og omsorgstenestene, og arrangere eit møte med kommunekontaktane.</p> <p>Planlagde fagseminar våren 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 2</li> <li>- Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 2</li> <li>- Mitt livs ABC perm 2 fagseminar 1</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 1, fagseminar 2</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 2, fagseminar 2</li> <li>- Musikkbasert miljøbehandling – Eldre/demensomsorg</li> </ul> <p>Planlagde oppstarts- og fagseminar hausten 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1</li> <li>- Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 2, fagseminar 1</li> </ul> <p>Mitt Livs ABC perm 1, fagseminar perm 1</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med Nasjonalt senter for Aldring og helse</b>



Aktivitet		Involverte
<p><b>Grunnopplæring i diabetes</b></p>	<p>USHT tilbyr saman med Diabetesforbundet ved diabetessjukepleiar i Helse Førde grunnopplæring i diabetes, blodsuktermåling og insulininjeksjonar. Målet er bidra til at eldre med diabetes får god behandling og oppfølging i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, i tråd med ny Fagprosedyre for diabetes. Målgruppa er tilsette i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Grunnopplæringa ynskjer vi å tilby regionalt for å nå flest mogleg.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere regionsvis grunnopplæring i blodsuktermåling og insulininjeksjonar, fysisk samling (3 timar) i Førde, på Nordfjordeid og i Sogndal.</li> </ul> <p>Samlinga i Førde koplar vi til fagnettverk i eldremedisin og eldreomsorg.</p>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg</b>, saman med Diabetesforbundet og Helse Førde.</p>
<p><b>Forskningsprosjekt: Knowlegde to action (K2A)</b></p>	<p>Forskningsprosjektet «Knowledge to action» (2022-2026) undersøker pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim, med fokus på korleis overføringar kan bli best mogeleg for pasientane.</p> <p>Prosjektet er finansiert med midlar frå Norsk forskingsråd, og består av til saman tre arbeidspakkar. USHT samarbeider med Senter for omsorgsforskning om arbeidspakke tre, der USHT har ansvar for å fasilitere og rettleie tilsette ved to sjukeheimar i eit forbetningsarbeid.</p> <p>I tillegg til USHT Vestland (Sogn og Fjordane), er Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt samarbeidspartar lokalt.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleie / fasilitere eit forbetningsarbeid ved to sjukeheimar i Vestland, bestående av to workshopar, digitale check-in og ei avsluttande samling med fokus på erfaringsdeling, i to fasar (vår og haust, 2024)</li> <li>- Delta på møte med samarbeidspartar i prosjektet (Senter for omsorgsforskning Vest og University of Manitoba, Canada)</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) samarbeidspart</b>, Senter for omsorgsforskning vest (ansvarleg), og University of Manitoba</p>

Aktivitet		Involverte
<p><b>Felles FOU-prosjekt for å styrke kompetanse på beslutningsstøtte hos tilsette som jobbar med personar med utviklingshemming</b></p>	<p>Dei fire utviklingssentera i vest samarbeider med Senter for omsorgsforskning vest (SOFV) om eit felles FOU-prosjekt. Føremålet er å styrke kompetansen om beslutningsstøtte blant tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming, og å tilpasse og vidareutvikle eit rammeverk som tenestene kan ta i bruk. Vi søker midlar frå Helsedirektoratet om å vidareføre FOU-prosjektet.</p> <p>I 2024 vil fokus vere på analyse- og skrivearbeid, samt arbeide vidare med å få publisere ein versjon av rammeverket tilpassa norske forhold. Prosjektet vil støtte spreieing av rammeverket i eiga verksemd. Vi søker midlar frå Helsedirektoratet om å vidareføre FOU-prosjektet.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I samarbeid med SOFV fortsette analyse- og skrivearbeidet</li> <li>- Digital erfaringsdeling samling</li> <li>- Fagsamling for å spreie og bidra til at rammeverket blir tatt i bruk</li> <li>- Fysisk erfaringsdeling samling for ressurspersonar i nettverket</li> <li>- Rettleiing av ressurspersonar i nettverket</li> <li>- Utarbeide eit abstract til presentasjon av paper til Norsk nettverk for forskning om funksjonshemming (NNFF) 10. Forskingskonferanse i Bodø juni 2024</li> <li>- Utarbeide ein plan for vidare framdrift, og søke eksterne midlar i lag med samarbeidspartar</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane), USHT Helse Fonna, USHT Vestland (Hordaland) og USHT Rogaland ansvarleg, saman med SOFV.</b></p>

Aktivitet		Involverte
<p><b>Nettverk i Vestland for fagtilsette innan tenestene til personar med utviklingshemming (CRPD-nettverk Vestland)</b></p>	<p>Til saman 15 kommunar i Sogn og Fjordane-regionen deltar i nettverk for fagtilsette innan tenestene til personar med utviklingshemming i regi av USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland). Nettverket starta opp i 2022, og har som mål å bidra til at kommunane skal gjere seg kjend med og ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming» og FN-konvensjonen for personar med nedsett funksjonshemming (CRPD).</p> <p>Det er uttrykt ynskje om at nettverket skal fortsette. Med bakgrunn i det, vil USHT saman med samarbeidspartar søke om midlar til vidareføring av nettverket, og invitere / rekruttere inn nye kommunar.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- lunsj til lunsj nettverssamlingar</li> <li>- 1 digital dagssamlingar i nettverket</li> <li>- Rettleie deltakande kommunar mellom samlingane</li> <li>- Søke midlar til vidareføring av nettverket</li> <li>- Spreie og rekruttere inn nye kommunar i nettverket</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) ansvarleg,</b> saman med SOFV, NAKU, Statsforvaltaren.</p>
<p><b>Velferdsteknologiens ABC</b></p>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr Velferdsteknologiens ABC ut frå etterspurnad/behov, og gjer det i samarbeid med KS koordinator for kommunenettverk for velferdsteknologi og digital heimeoppfølging.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere sluttseminar våren 2024, fysisk</li> <li>- Kartlegge behov for oppstart av nye gruppe</li> <li>- Digitale informasjonsmøte for leiarar før oppstart</li> </ul>	<p><b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane ansvarleg,</b> saman med KS koordinator for kommunenettverk for velferdsteknologi og digital heimeoppfølging</p>

Aktivitet		Involverte
<b>Rådgjevande forum for e-helse, Digi Vestland</b>	<p>Samarbeidet om velferdsteknologi og digital heimeoppfølging er no organisert under faggruppa for e-helse i DigiVestland. Utviklingssentra i Vestland deltek i eit rådgjevande forum for e-helse</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på 4 møter i rådgjevande forum (digitale/fysiske)</li> <li>- Ha eit særskilt fokus på kompetanse og kommunane sine behov for støtte og rettleiing</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) samarbeidspart</b>
<b>Nettside for Personsentrert praksisutvikling</b>	<p>Nettside for «Personsentrert praksisutvikling» (eng: Practice Development) vart lansert i 2022. Målgruppa er tilsette i helse- og omsorgstenestene med ansvar for å fasilitere endringsprosessar. USHT Vestland (Sogn og Fj.) har leia arbeidet med nettressursen, og har ansvaret for vedlikehald og oppdatering av nettsida i samarbeid med ei redaksjonsgruppe.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere ei redaksjonsgruppe med samarbeidspartar, m.a. SOFV</li> <li>- Vedlikehald og oppdatering av nettsida</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med SOFV</b>
<b>Vidareutvikle eigen implementerings- og fasiliteringskompetanse</b>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil vidareføre arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse. I 2023 deltok USHT på kompetanseløpet pUSH iT, som er utvikla i tett samarbeid med USHT Viken (Buskerud) og Senter for omsorgsforskning øst og vest – saman med dei andre utviklingssentra i vest .</p> <p>Vi vil vidareføre dette samarbeidet og halde fram med interne faglege aktivitetar. Målet er å styrke eigen kompetanse i implementering og rettleiing i komplekse system, samt kunnskap om og ferdigheiter i å jobbe systematisk med å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis.</p> <p>Aktivitetar i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Interne arbeidsseminar 2 x 2 dg/år</li> <li>- Faste vekentlege teams-møte, derav eitt utvida fysisk møte x 1 / mnd.</li> <li>- Oppfølgingsmøte/erfaringsdeling med dei andre utviklingssentra</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg</b>



[USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook](#)

[marta.strandos@sunnfjord.kommune.no](mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no)

Marta Strandos (leiar), tlf 41 52 64 16

[Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](http://ushtsognogfjordane.no)